




FISKERIDIREKTORATET
Kyst- og havbruksavdelingen

Fiskeri- og kystdepartementet
Boks 8118 Dep

0032 OSLO

Saksbehandler: Veronika Nøstvold
Telefon: 90629302
Seksjon: Forvaltningsseksjonen
Vår referanse: 09/4160
Deres referanse:
Vår dato: 05.03.2009
Deres dato:



Att:

FORSLAG TIL ENDRINGER I AKVAKULTURLOVA - HØYRINGSUTTALE FRÅ FISKERIDIREKTORATET

Fiskeridirektoratet syner til Fiskeri- og kystdepartementet sitt brev av 23.01.09 der departementet ber om merknader til framlegg om nye heimlar for endra prosedyrar for sakshandsaming ved tildeling av løyve til oppdrett av andre artar enn laks og aure, samt til å pålegge flytting ut frå overordna samfunns- og næringsomsyn.

I tillegg til Fiskeridirektoratet sin kyst- og havbruksavdeling og ressursavdeling har dei to forslaga til endringar i lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturlova) vore framlagt for regionkontora til vurdering og uttale. Innspela er innarbeidd.

Merknader til endringa i akvakulturlova § 6

Fiskeri- og kystdepartementet sitt utkast til ny § 6, tredje ledd lyder som fylgjer;

"Departementet kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om hel eller delvis stans i tildeling for bestemte artar i bestemte tidsperioder eller geografiske områder, herunder om at søknader skal behandles i tildelingsrunder på bestemte tidspunkt."

Føresegna, som i utgangspunktet er meint å gjelde alt anna enn matfisk av laks, aure og regnbogeaure, er føreslått fyrst og framst på bakgrunn av veksten i oppdrett av torsk. Departementet ønskjer gjennom forslaget å legge til rette for ei næringspolitisk regulering av denne utviklinga og samstundes optimalisere arealbruken.

Fiskeridirektoratet ser at det er trong for den føreslåtte heimelen og stiller seg såleis i utgangspunktet positiv til departementet sitt forslag. Vi ønskjer likevel å knytte nokre kommentarar til innhaldet i utkastet og gjere enkelte presiseringar.

Som nemnd er føresegna meint å gjelde alt anna enn matfisk av laks, aure og regnbogeaure. Dette går fram av dei føreslåtte merknadene. Fiskeridirektoratet vil gjere merksam på at akvakulturlova § 6 gjeld for tildeling av alle artar, jf Ot.prp. nr 61 (2004-2005) side 59, andre

spalte. Dersom ein ønskjer at føresegna berre skal gjelde andre artar må dette gå fram eksplisitt av føresegna.

Det har vore aukande fokus på oppdrett av torsk dei seinare år og vekstpotensialet i næringa er, som departementet også peiker på, truleg tilstades. Det dreiar seg likevel i dag om ei ny næring med relativt avgrensa eigenkapital. Forslaget som vert fremma gir heimel til å avgrense tildeling av torskeløyve, men det vil likevel vere mogleg å erverve løyve i andrehandsmarknaden. Denne mogelegheita vil kunne bidra til å optimalisere drifta til etablerte anlegg i periodar med tildelingsstopp.

Behovet for å sikre fortsett tilgjengeleg areal til akvakultur gjer det naudsynt å optimalisere arealbruken, og den føreslåtte føresegna i § 6 kan gi det offentlege nyttige verkemiddel i denne samanhengen. Fiskeridirektoratet vil samstundes understreke betydninga av ei effektiv handheving av allereie eksisterande reglar. Her syner vi først og fremst til reglane om tilbaketrekking av løyve ved passivitet

Ein heimel til å endre prosedyrar for sakshandsaminga ved tildeling av løyve av andre artar enn laks, aure og regnbogeaure vil gi større moglegheit for næringspolitisk regulering av akvakulturnæringa. Ein vil gjennom dette mogleggjere ei meir heilskapeleg styring og tilrettelegging.

Her vil i tillegg forslaget til ny plan- og bygningslov medverke positivt. Ei fornuftig og effektiv forvaltning forutset gode kommunale arealplanar. Gjennom den reviderte plan- og bygningslova vil kommunane få auka moglegheiter til å styre arealbruken innan akvakultur inn mot særlege artar. I utkast til § 11-11, nr 7 heiter det:

"Til arealformålene nr. 5 og 6 i § 11-7 kan det i nødvendig utstrekning gis bestemmelser om hvilke artsgrupper eller artar av akvakultur som enkeltvis eller i kombinasjon kan etableres."

Ved å handsame søknader om torskeoppdrett i tildelingsrundar får myndighetene betre kontroll med at løyva vert gitt i områder som er særskilt avsette til dette formålet.

Den nemnde føresegna i plan- og bygningslova vil, saman med forslaget til føresegn i akvakulturlova § 6, kunne skape ein betre harmoni mellom dei to forvaltningsområda og bidra til ein optimal regulering. Ei endring av akvakulturlova i tråd med forslaget vil også kunne vere ein motivasjon for kommunane til å prioritere kystsoneplanlegginga.

Merknader til endringa i akvakulturlova § 16

Departementet har foreslått fylgjande føresegn i nytt § 16, tredje ledd;

"Departementet kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om pålegg om flytting av akvakulturanlegg innanfor et nærmere definert geografisk område dersom overordnede samfunns- og næringsmessige hensyn, herunder hensynet til fiskehelse og miljø tilsier dette. Departementet kan også i forskrift gi nærmere bestemmelser om prosedyrer for initiering og gjennomføring av prosesser med sikte på flytting, herunder prinsipper for dekning av kostnader."

Fiskeridirektoratet stiller seg i utgangspunktet positiv til sjølve forslaget. Direktoratet ser likevel at heimelen angir eit stort verkeområde og er av den meining at omgrepet "overordnede samfunns- og næringsmessige omsyn" mogelegvis bør definerast/avgrensast nærare.

Ei avgrensing som angir noko om kva slags vurderingstema som kan tas inn, høyrer naturleg heime i merknader. Dette av omsyn til forvaltninga sin bruk av regelen, men også av omsyn til dei aktuelle næringsaktørane sin trong for ein viss forutbereknlegheit og rettstryggleik.

Økonomiske og administrative konsekvensar


Flytting av anlegg vil kunne medføre store kostnader. Fiskeri- og kystdepartementet tek i sitt skriv til orde for at det må vere oppdrettarane som tek denne rekninga, og Fiskeridirektoratet sluttar seg til departementet sitt syn på dette. Den effektivisering av arealbruken flyttinga medfører vil komme næringa til gode, og det er difor ikkje urimeleg at kostnadane vert kanalisert hit.

Samstundes vil det kunne verke urimeleg for den einskilde fiskeoppalar som må ta rekninga. Etablering av eit kollektivt fond for dekning av flyttekostnader synest derfor å ha gode grunnar for seg. Dei nærare vilkår for fondet og spørsmålet om kva slags fordelingsnøkkel som skal leggest til grunn må det vere opp til næringa å ta stilling til.


I alle høve bør ein søkje å få til at pålagt flytting kan planleggast slik at anlegget kan flyttast i periodar då det ikkje står fisk i det slik at kostnadane ikkje vert større enn naudsynt.

Når det gjeld spørsmålet om kven som skal ha oppgåva med å pålegge flytting tiltrer Fiskeridirektoratet departementet sitt standpunkt. Det er ein nær samanheng mellom spørsmål knytt til flytting og Fiskeridirektoratet sitt arbeid med tilsyn og kontroll, og det er difor teneleg at direktoratet tek denne oppgåva også etter at forvaltningsreforma har trått i kraft.

Med hilsen



Ragnar Sandbæk
Fung. direktør



Anne B. Osland
Fung. seksjonssjef